



# Årsmelding

## Tjørvåg Idrettslag

# 2019

***Tjørvåg IL - offensiv idrettsglede!***

*Tjørvåg IL skal vere eit viktig integrerings- og samlingspunkt i lokalmiljøet.*

*Klubben sine verdiar byggjer på dugnad og fellesskap der alle involverte skal utvikle  
venskap, respekt og sjølvtiltillit.*

*Saman skal vi skape identitet og samhald.*

## **Hovudstyret 2019**

Leiar & sekretær:	Åsmund Eide
Nestleiar:	Jan Olaf Hareide
Kasserar:	Åse-Karin Skogen Hauge
Styremedlem:	Guro Aksnes
	Elin Hundsnes
	Ida Beate Teige
	Ole Johan Aksnes
Revisor:	Idar Fugleseth og Linda Arnesen
Val nemnd:	Erik Ljotebø og Hans Jørgen Løvøy

Revisorane har ikkje deltatt på styremøta.

Det har vore nok eit mellomår for Tjørvåg Idrettslag. Ingen store prosjekter har vore oppstarta eller pågåande. 2019 var første år av ein 3 års avtale med PUMA som leverandør av drakter og anna bekledning for åra 2019, 2020 & 2021. Vi er godt fornøgde med PUMA produkta, både kvalitet og pris.

Tjørvåg Idrettslag har i 2019 hatt 7 møtande medlemmar i hovudstyret. Det har vore leiar, nestleiar, kasserer og leiarane i nemndene. Kjønnsfordelinga er fortsatt i favør damene, noko som er gledeligt.

Styret i Tjørvåg Idrettslag har i 2019 hatt 7 styremøter i tillegg til 1 årsmøte.

Nettsida har vore ein del i bruk, nokre lag er meir aktive enn andre. Her ønsker styret at sida skal verte meir i bruk. Ny nettside er under utarbeidning (snart klar) og vi både håper, forventar og trur at denne vert meir brukt enn den forrige.

Tjørvåg IL fekk i 2017 tildelt 1,5 mill i RDA midlar for 7'er hall.

Det har tatt lang tid å verte einig med Opplysningsvesenets Fond (grunneigar) og Herøy Kommune om både plassering av hall, parkeringstilhøve, tilkomstveg osv. Herøy Kommune kjøpte i 2019 arealet til boligtomtene og areal til vegen inn til boligfelt/hall. Dette gjer at vi kun har med Herøy Kommune å gjere mtp adkomst til hallen.

Vi har fått hjelp av Prosjektbygg til å laga eit realistisk budsjett. Dette har vi presentert for våre naboklubber Gurskøy og Moltu for å identifisere om dei vil vere med i prosjektet. Det er også beramma nytt møte med Herøy Kommune før eit evt. ekstraordinært årsmøte tar avgjerda om vi går i gang med prosjektet.

## **Sportsleg Utval 2019**

Det var 4 medlemmer i utvalget i 2019.

Jan Olaf Hareide (leder), Lars Ivar Moldskred, Jarl Åge Vågsholm, Curt Åge Hauge.

Vi har hatt regelmessige møter med forskjellige saker. Det har vært gjennomført møter med alle trenere og ledere for å oppsummere sesongen 2019 og for mulighetene for å bli med videre.

Det har også vært noen møter med foreldre og spillere for å få avklart en del forhold rundt samarbeid og lignende utfordringer.

Det har også blitt diskutert hvordan veien blir videre for idrettslagene på indre. Det blir større og større utfordring å sette sammen lag og skaffe trenere. Vi blir mer og mer avhengige av hverandre og mener det er viktig for barna og ungdomen at klubbene tar initiativ til å tenke nytt.

Det er også i 2019 opprettet eige sportsleg utvalg for samardbeidslaga, der det er representanta frå Tjørvåg IL, Moltu IL og Gurskøy IL. Dette blei gjort for å lette arbeidsmengda for dei sportslege utvalga i den enkelte klubben. Det skal også velgast ein kontakt person frå kvar samardbeidsklubb, som tar opp saker med det Sportslege Samardbeids utvalget.

Det har vært 10 lag i aksjon i 2019:

- Gutte/Jente-6/7
- Gutte-8/9
- Gutte-10
- Gutte-12
- Jente-13 Samarbeid med MIL/GIL
- Gutte-16 Samarbeid med MIL /GIL
- Jente-16 Samarbeid med GIL
- Senior 11- Herrer (måtte trekke laget på hausten pga spelarmangel)
- Senior 7ar Herrer

Vi har hatt 13 trenere og 8 lagledere

Tjørvåg IL har deltatt på følgende cuper: Havyard cup, Førde cup, og Norway cup. I tillegg noen lokale cuper.

#### **Medlemmer pr.31. Desember 2019**

	2019	2018	2017	2016	2015
Aktive medlemmar:	158	134	129	114	112
Støtte medlemmar:	41	46	55	45	25

#### **Aktive medlemmar 2019**

	<b>6-12 år</b>	<b>13-19 år</b>		<b>20 år →</b>	<b>Totalt</b>
Kvinner	7	15		46	68
Menn	38	23		29	90
Totalt	45	38		75	158

#### **Aktive medlemmar 2018**

	<b>6-12 år</b>	<b>13-19 år</b>		<b>20 år →</b>	<b>Totalt</b>
Kvinner	15	11		31	57
Menn	34	21		22	77
Totalt	49	32		53	134

## **Marknad**

Komiteten har bestått av Guro Aksnes, Synnøve Bigset, Thomas Leine og Åsmund Eide.

Etter mykje jobbing seinhaustes 2018 var vi klar med 3 årige avtaler (2019-2020-2021) med Generalsponsor Marin Teknikk og hovedsponsorane Sparebanken Møre, Olympic, Havyard, Tussa, Ulstein Betongindustri og Metizoft. Det er viktig å klare å halde på 3-års avtaler med sponsorane.

Markedsutvalget har fått gode tilbakemeldinger fra lokalt næringsliv på all dugnaden som blir lagt ned i idrettslaget og dette er alltid nyttig å ha med seg i forhandlinger med sponsorene.

Fokuset framover vert å prøve å auke antall skiltsponsorer.

Mail er sendt ut til mange lokale bedrifter i Myrvåg utan å få napp, desse må følgast opp pr. telefon.

## **Arrangement kommitèen**

Kommitèen bestod av: Ida Beate Teige (leiar), Hege Abeltun, Monica Sandnes, Janne Hestad, Charlotte Rafteseth og Hanne Myrseth Kvalsund.

Følgjande arrangement vart gjennomført i 2019:

- Flaskeinnsamling mai
- Laksesalg – sponsa laks av Mowi
- MT-cup.
- Halloween diskotek for 4-7 klasse. Oktober
- Fotballavslutning

Følgande arrangement er planlagt i 2020:

- Laksesalg med sponsa laks av Mowi.

- Kick-off.

- Flaskeinnsamling mai (etter konfirmasjonane).

- MT-cup.

- Halloween disco for 1-4 klasse. Oktober

- Fotballavslutning.

- Flaskeinnsamling. Januar 2021

## **Bygg og anlegg og vedlikehald**

Medlemmer av nemda 2019 :

Johan Ole Abeltun , Ole Johan Aksnes , Per-Magne Lillenes.

Gard Lillenes Hovlid (vedlikehald traktor)

Oppdatert sponsorskilt og skifta ut begge T.I.L logo skilta i innbyttarbura.

Fortsett montering av granulatfangarar i kummane. Ikkje heilt i mål enno.

Snørydding og harving/børsting av bana.

Vårdugnad med oppsamling av granulat, grus, fjerning av ugras, samt spyling av tribune(v/ Lars Ivar Moldskred).

Rydding av kratt og skog i terrenget rundt stadion.

Fått samla opp deponi av gammalt granulat, og fylt det over i 1000 liters containerar. Vart nyleg henta av kommunen og levert til avhending.

Merka opp parkeringsfri sone utanfor traktorgarasje.

Slått fast at det er lekkasje med tilhøyrande skade i "klubbhuset". Ikkje utbedra.

Maling av kiosken, v/ Per Storøy.

## **Økonomi**

Tjørvåg Idrettslag er tufta på dugnad og vi er avhengig av at medlemmane stiller opp på dugnad og arrangement for å kunne drive klubben. Der har i år vore færre dugnader enn tidlegare år. Dette fordi vi ikkje har hatt store prosjekt på gang, ei heller båtvask.

Idrettslaget har ein sunn økonomi som gjer det lettare å utvikle oss vidare. Sponsorane våre er viktige i denne utviklinga. Vi har gode sponsorar som ser det viktige i å støtte den lokale frivilligheita, slik at ein kan ha gode tilbod i nærområdet. Heldigvis ser det ut til at det går betre i næringslivet og vi er glade for at vi har 3-års avtaler med generalsponsor og alle hovedsponsorar.

Årsregnskap 2018 og Budsjett 2020 kjem som saker på dette årsmøtet.

## **Trimgruppa:**

Trimgruppa hadde i 2019 god aktivitet.

## **Dametrim:**

I 2019 var det 41 aktive medlemmar i dametrimmen. Ein auke på 10 frå 2018. Vi er ei lavterskel gruppe og det er kjekt å sjå at vi har medlemmar frå ca 25- 55 år. Vi køyde totalt 43 treningar fordelt på 25 treningar på våren og 18 på hausten. Elin instruktør. I haust fekk vi endeleg nytt anlegg med god lyd til treningane. Dette anlegget vert også nytta til andre arrangement i Idrettslaget.

I juni reiste 6 frå dametrimmen på Jentebølgen i Ålesund. Der sprang eller gjekk vi i 5 km og hadde oppvarming utanfor Sparebank Arena. Veldig kjekke avslutning og noko vi har lyst å få til igjen.

## **Fjelltrim 2019:**

I 2019 var det 10 150 som skreiv seg i turbøkene på dei 14 turmåla vi har. Det er ny rekord. Talet er høgare då ikkje alle skriv i boka. Vi hadde eit herverk på ny bok på Skåla, men vi har heldigvis ikkje hatt så mange tilfeller av det. Premiar til fjelltrimmen var sponsa av Sparebanken Møre, Tussa og Arbiro.

## **Turstiprosjektet:**

I 2019 har vi ikkje merka nye stiar. Vi har sett opp skilt på stiar som var merka i 2018, samt nokre suppleringar. Vi har mala nye stikker for supplering og vedlikehald med maling på utsette stikker. Stirydding krevst heile tida og vi har fått lagt ut litt trebruer på våte områder.

## **Vinterrebus og Kom deg ut dag.**

I desember 2018 hengde vi opp vinterrebus, med 9 reflekspostar over Djupvikhaugen. Den hang oppe til over påske 2019. Populær aktivitet med knapt 50 innleverte svar. Premiering. På «Kom deg ut dagen» 3. febr hadde vi arr.mang på Pemarka ved Djupvikvatnet der 86 store og små deltok. Det var aktivitet med rebusløp over Djupvikhaugen, tur langs vatnet og rebus på Pemarka. Med nysnø og bålpanner for grilling vart dette eit arr.mang vi fekk gode tilbakemeldingar på. Kiwi Myrvåg sponsa bl.a sitteunderlag til alle og byggrynsgraut. Premiering av rebus. Ny rebus er hengt opp for vinteren 2019/2020.

## **Gurskøya Rundt:**

Gurskøya Rundt vart arrangert 25.08. Gurskøy IL var hovudarrangør. Totalt 190 startande, 59 frå Stokksund. Det vart laga ny diplom til årets løp. Vi fekk sponsa alt til kiosken med Kiwi men vi ser få stoppar i Stokksund så lite sal. Ein deltakar fekk premie for 30 år.

## **Friluftlivets veke 30.8 - 8 september og Fjellbingo:**

Vi hadde også i år 5 toppar som ein kunne gå på som aktivitet i Friluftlivets veke, premiering på kvar topp. Diverre var det regn og dårleg ver nesten heile veka, men 145 trossa veret og var med på trekking. Vi prøvde oss også på ein ny aktivitet i år, Fjellbingo. Vi hadde håpt det skulle bli ein kjekke aktivitet i løpet av sommaren/hausten. Vi hadde eit bingoark med alle toppane og eit med lettare turar, eit tilbod for dei minste borna eller dei som ikkje har moglegheit for dei lengste turane. Vi hadde fine premiar, men diverre vart ikkje dette den suksessen som det har blitt andre stadar.

## **Nissemarsj:**

Årets siste aktivitet vart avslutta med Nissemarsj i Myrvåg. Ein ny aktivitet som vi fekk gode tilbakemelding på tross det bøtta ned med regn deler av tida. Vi gjekk frå Kiwi via sjukeheimen og omsorgsboligane. Der song vi og delte ut mandarinar og twist sponsa av Kiwi. Vel 25 store og små deltok på marsjen. Vi avslutta med bålpanne, varm toddy og peparkake på leikeplassen på Myrvågtoppen. Planen om gang rundt juletreet måtte vi gi oss på i regnværet.

Takk til alle som har støtta opp om arrangementa våra i 2019.

## Mål for 2020

- Gi eit tilbod til alle som vil spele fotball og trimme i Tjørvåg Idrettslag
- Auke antall spelarar under 10 år (spesielt jenter)
- Arrangere MT CUP
- Fortsette prosessen rundt 7'er hall
- Auke antal støttemedlemmar til over 100

For hovudstyret i Tjørvåg Idrettslag

Åsmund Eide

Leiar